



Radøy Kommune

Dato: 04.08.2014

Vår ref.: 2014/18615-5

Saksbehandlar: annvabo

Dykkar ref.:

## Fråsegn til høyring av områdereguleringsplan for Osvollstranda næringsområde - Radøy kommune

Vi viser til brev datert 30. juni 2014 om høyring av forslag til områderegulering for Osvollstranda næringsområde. Hovudføremålet i planen er industri/næring. Føremålet er i hovedsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til eksisterande og framtidig næringsareal. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til oppstartmeldinga i brev av 7. mars 2012.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettssidene våre: [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

### Vurdering



#### Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

I brev av 13.04.12 varsle Hordaland fylkeskommune ei arkeologisk registreringi planområdet. Kostnadsoverslaget vart godkjend av tiltakshavar, Radøy kommune, 28.01.13. Den arkeologiske registreringa vart utført i perioden 10.06.-21.06.13. Det vart påvist to nye automatisk freda kulturminne i planområdet, to buplassar frå steinalder, Askeladden id 170781 og 170782.

Dei automatisk freda kulturminnet er vist i plankartet som omsynssone d), bandlagt etter kulturminnelova, jf. pbl. § 11-8 d) og § 12-6 (sosi-kode H730). Den 5 meters sikringssona er vist som omsynssone c) jf. pbl. § 11-8 c) og § 12-6 (sosi-kode H570). Dette er ikkje rett, sikringssona til eit automatisk freda kulturminne er også bandlagt etter kulturminnelova. Sikringssona må også visast som omsynssone d), bandlagt etter kulturminnelova, jf. pbl. § 11-8 d) og § 12-6 (sosi-kode H730). Dei automatisk freda kulturminna er ikkje lagt inn i ei større omsynssone c) slik vi bad om i brev av 22.10.2013, jf. pbl. § 11-8 c) og § 12-6 (sosi-kode H570) (sjå vedlagt kart). Vi ber om at dette vert retta opp.

Dei automatisk freda kulturminna med fem meters sikringssone må visast som omsynssone d) og dei automatisk freda kulturminna må vidare leggast inn i ei større omsynssone c) som vist på vedlagt kart. Føresagnene § 7.4 *Bandleggingssone etter lov om kulturminner* og § 7.3 *Omsynssone kulturminne* er tilstrekkeleg for å sikre vern av dei automatisk freda kulturminna i reguleringsplanen. Dersom ikkje plankart vert retta opp i samsvar med våre innspeil vil Hordaland fylkeskommune vurdere å fremje motsegn til planen.



Ettersom reguleringsplanen femnar om areal i sjø er saka lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum. Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Olsvollstranda i Radøy kommune som kan bli direkte råka av reguleringa. Museet har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid.

Museet har derfor ingen merknader til reguleringsplanen. Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Museet gjer derfor merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finnskipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med kulturminnelova.

## Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har vesentlege merknader til planforslaget og vi vil vurdere å tilrå motsegn slik den er lagt fram på høyring. Vi ber om at kommunen snarast gir tilbakemelding om korleis ein vel å gå vidare med saka slik at vi kan leggje opp den vidare sakshandsaminga hjå oss. Vi ber om utsett frist i saka til 22.09.14 for eventuell politisk handsaming. Dersom merknadene om kulturminne vert tatt til følgje vil grunnlaget for motsegn falle bort.

Marit Rødseth  
plansjef

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Sakshandsamar:

Anne-Kathrine Vabø, Regionalavdelinga, Planeksjonen

Vigdis Berge, Kultur- og idrettsavdelinga, Seksjon for kulturminnevern og museum

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Statens vegvesen - Region Vest